


RADØY KOMMUNE

Kultur- og kirkedepartementet
postboks 8030 Dep

0030 OSLO



Dykkar ref.

Vår ref.
04/63-22/K1-223//LTA

Dato:
Manger: 30.08.2004


**FRAMLEGG OM ENDRING I FORSKRIFT OMTRUSSAMFUNN, FORSKRIFT OM
TILSKOT TIL UREGISTRERTE TRUSSAMFUNN, FORSKRIFT OM TILSKOT TIL
LIVSSYNSSAMFUNN - HØYRINGSUTTALE**


Vi viser til Dykkar skriv, datert 09.07.2004.

Radøy kommune ser positivt på dei føreslegne endringane i ovannemnde forskrifter. Framlegga gjev ein betre kontroll med bruk av offentlege midlar, og sikrar at desse midlane vert fordelt på rettvis måte til dei trus- og livssynssamfunn som har rett på desse midlane. Med bakgrunn i ein del uheldige saker som har kome fram i "lyset" dei siste åra, er det heilt nødvendig å få betre retningslinjer for fordelinga av slike offentlege midlar.

Når det gjeld den årlege kontrollen som Brønnøysundregistra skal gjennomføra, reknar vi med at den også omfattar at det er den rette bustadkommunen som får kravet om utbetaling av tilskot for den enkelte medlem. Radøy kommune har i alle år - frå enkelte trussamfunn, fått krav om tilskot for personar som ikkje er folkeregistrert i vår kommune.

Med helsing


Olav Steinar Namtvedt
ordførar


Leif Taule
rådgjevar1